



Det systera til Vusi sa




 Nina Orange

 Wiehan de Jager

 Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand

4


 nynorsk





Global Storybooks


globalstorybooks.net

Det systera til Vusi sa

 Nina Orange


 Wiehan de Jager

 Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand




This work is licensed under a Creative Commons Attribution 3.0 International License.
<https://creativecommons.org/licenses/by/3.0>







Tidleg ein morgon ropte bestemora til Vusi på han: «Vusi, ver snill og ta med dette egget til foreldra dine. Dei vil laga ei stor kake til bryllaupet til syster di.»




På veg til foreldra sine møtte Vusi to gutar som plukka frukt. Ein gut snappa egget frå Vusi og kasta det på eit tre. Egget knuste.



Systera til Vusi tenkte eit bel, så sa ho: «Vusi, kjære bror, eg bryr meg verkeleg ikkje om gåver. Eg bryr meg ikkje ein gong om kakai! Vi er alle saman samla her, så eg er glad. Så ta på deg nokre fine klede, og la oss feira denne dagen!» Så det var det Vusi gjorde.




«Kva har du gjort?» ropte Vusi. «Det egget var meint for ei kake. Kaka var til bryllaupet til syster mi. Kva kjem syster mi til å seia viss det ikkje vert noka bryllaupskake?»




«Kva skal eg gjera?» ropte Vusi. «Den kua som sprang bort, var ei gåve til gjengjeld for halmen som bygningsarbeidarane gav meg. Bygningsarbeidarane gav meg halmen fordi dei knakk kjeppen frå fruktplukkarane. Fruktplukkarane gav meg kjeppen fordi dei knuste egget som var meint for kaka. Kaka var meint for bryllaupet. No er det ikkje noko egg, ikkje noka kake, og ikkje noka gåve.»




Gutane var lei seg for at dei erta Vusi. «Vi kan ikkje hjelpa deg med kaka, men her er ein kjøpp til syster di», sa han eine. Vusi heldt fram på reisa.




Men kua sprang tilbake til bonden rundt middagstid. Og Vusi gjekk seg vill på reisa. Han kom fram veldig seint til bryllaupet til syster si. Gjestene var allereie i gang med å eta.




På vegen møtte han to menn som bygde eit hus. «Kan vi bruka den sterke kjeppen?» spurde han eine. Men kjeppen var ikkje sterk nok for bygningen, så han knakk.




Kua var lei seg for at ho var grådig. Bonden vart samd i at kua skulle følgja med Vusi som ei gåve til syster hans. Og slik heldt Vusi fram.




«Kva har du gjort?» ropte Vusi. «Den
kjeppen var ei gåve til syster mi.
Fruktplukkarane gav meg den kjeppen
fordi dei knuste eggget som var meint for
kaka. Kaka var meint for bryllaupet til
syster mi. No er det ikkje noko egg, ikkje
noka kake, og ikkje noka gåve. Kva kjem
syster mi til å seia?»



«Kva har du gjort?» ropte Vusi. «Den
halmen var ei gåve til syster mi.
Bygningssarbeidarane gav meg den halmen
fordi dei knakk kjeppen frå
fruktplukkarane. Fruktplukkarane gav meg
kjeppen fordi dei knuste eggget meint for
kaka til syster mi. Kaka var meint for
bryllaupet til syster mi. No er det ikkje
noko egg, ikkje noka kake, og ikkje noka
gåve. Kva kjem syster mi til å seia?»



Bygningsarbeidarane var lei seg for at dei knakk kjeppen. «Vi kan ikkje hjelpe deg med kaka, men her er litt halmtekke for huset til syster di», sa den eine. Og slik heldt Vusi fram på reisa.



På vegen møtte Vusi ein bonde og ei ku. «For noko herleg halm, kan eg få ein smakebit?» spurde kua. Men halmen smakte så godt at kua åt opp alt!